

13.06.2024

Høyringsinnspel Samarbeidsavtalen 2025 frå Lærings- og mestringscenteret i Helse Møre og Romsdal, saksnummer 2024/1795

Helsefremming og førebygging blir omtalt som eit viktig område for å møte framtidige utfordringar innan helsevesenet. Det er avgjerande at dette får ein hensiktsmessig plass i arbeidet med helsefellesskap vidare.

Nasjonal helse- og samhandlingsplan (2024–2027) i Meld. St. 9 understrekar viktigheita av å førebyggje sjukdom, og helsefellesskap blir konkret nemnde i denne samanhengen. I kapittel 3 står det blant anna:

“Regjeringa vil legge til rette for at den enkelte kan ivareta egen helse gjennom å:

- *legge fram en ny strategi om helsekompetanse*
- *vektlegge forebygging, mestring, habilitering og rehabilitering i videreutviklingen av helsefellesskapene”*

Vidare understrekast at “Regjeringa vil forsterke den forebyggende innsatsen i helse- og omsorgstjenesten gjennom å:

- *be Helsedirektoratet utrede hvordan omstilling til en mer forebyggende helse- og omsorgstjeneste systematisk kan støttes og evalueres*
- *be Helsedirektoratet gjøre en avgrenset vurdering av om finansieringsordningene i tilstrekkelig grad understøtter en forebyggende helse- og omsorgstjeneste*
- *oppdatere og prioritere anbefalinger om forebyggende tiltak i helse- og omsorgssektoren på bakgrunn av en vurdering av kostnads- og personelleffektivitet”*

Det blir no føreslått at Fagleg samarbeidsutval for samarbeid om helsefremjande og førebyggjande helsearbeid ikkje skal bestå som eit eige utval. Vi er einige i at fagområdet helsefremming og førebygging inngår i alle utval, men vi ser med bekymring på at utvalet fragmenterast i andre utval. Vi har erfaring med at behandlande arbeid ofte prioriterast, medan helsefremjing og førebygging kjem i andre rekkje og dermed blir nedprioritert.

Postadresse:
Helse Møre og Romsdal
Postboks 1600
6020 Ålesund

Elektronisk adresse:
postmottak@helse-mr.no
Org nr. 997 005 562

Generell informasjon:
Sentralbord Sunnmøre: 70 10 50 00
Sentralbord Nordmøre og Romsdal: 71 12 00 00
Telefaks: 70 10 53 18
Nettside: www.helse-mr.no

Det blir stadig peikt på for dårleg samhandling mellom helsetenestene, og dette utvalet har bidrege til å skape ein møteplass innan helsefremjing, førebygging, læring og mestring på tvers av kommunar og helseføretak. Dette gjeld også pårørandearbeid.

Fagleg samarbeidsutval for samarbeid om helsefremjande og førebyggjande helsearbeid er eit godt fungerande utval. Utvalet har vore effektivt og arbeida med fleire gode tiltak. Helsekompetanse har vore eit fokus og har understøtta dei tiltaka vi har sett i verk. Dette har stor betydning for at helsepersonell skal kunne hjelpe pasientar og innbyggjarar til å ta ansvar for eigen helse.

Utvalet har mellom anna fått i gang ein samarbeidsplass for tilsette som arbeider på feltet både i kommune og helseføretak, noko vi har et sterkt ønske om å bidra til å vedlikehalde. Dei har også gjennomført ei spørjeundersøking med over 1000 svarande som handlar om kunnskap og praksis knytt til arbeid retta mot pårørande. Vi fryktar at vidare tiltak basert på denne undersøkinga vil forvitre, og at fleire konkrete tiltak innan helsefremjing og førebygging ikkje vil bli prioriterte eller sett ut i livet.

Vårt forslag er å slå saman fagleg samarbeidsutval for rehabilitering og fagleg samarbeidsutval for samarbeid om helsefremjande og førebyggjande helsearbeid til eitt utval. Desse fagområda har mange fellespunkt og er nært knytte til kvarandre sitt arbeid. I tillegg ønskjer vi å sette fokus på større samhandling på tvers av utval. Dette vil bidra til at vårt fagområde får ei rolle i fleire utval, men at det ikkje forvitrar i mye anna godt arbeid.

Med vennleg helsing

Astrid Ljøkjell Solem, teamkoordinator

På vegne av Lærings- og mestringssenteret

Helse Møre og Romsdal HF

Postadresse:

Helse Møre og Romsdal
Postboks 1600
6020 Ålesund

Elektronisk adresse:

postmottak@helse-mr.no
Org nr. 997 005 562

Generell informasjon:

Sentralbord Sunnmøre: 70 10 50 00
Sentralbord Nordmøre og Romsdal: 71 12 00 00
Telefaks: 70 10 53 18
Nettside: www.helse-mr.no